

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 03.12.2019**

**Alfred Bjørlo (V)** sette på vegner av Ap, Sp, SV, MDG, KrF og V slikt forslag:

«Alternativ:

Punkt 4:

For driftsåret 2020 vert kr 600.000 nytta som bidrag til prøvedrift av pilegrimssentera i Vestland inntil statleg finansiering er stadfesta på Statsbudsjettet for 2021. Bidraget vert fordelt likt på dei regionale pilegrimssentera i Bergen og Selje/Stad, under føresetnad av lokale finansieringsbidrag på minimum same beløp frå dei to kommunane i 2020.»

**Avrøysting**

Innstillinga punkt 1-3 og 5 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga punkt 4 fekk 5 røyster (H, Frp) og fall mot Bjørlo sitt forslag som vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

**Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget sluttar seg til etableringa av regionale pilegrimssenter i Bergen og Selje som ledd i ei varig regional satsing på Kystpilegrimsleia.
2. Delfinansiering av drifta av to regionale pilegrimssenter i Vestland vert handsama som del av arbeidet med økonomiplanen og budsjett 2020.
3. Driftsfinansiering føreset at tiltaka vert finansiert etter ein modell der staten dekkjer 60%, kommunane 20% og Vestland fylkeskommune 20% av driftskostnaden.
4. For driftsåret 2020 vert kr 600.000 nytta som bidrag til prøvedrift av pilegrimssentera i Vestland inntil statleg finansiering er stadfesta på Statsbudsjettet for 2021. Bidraget vert fordelt likt på dei regionale pilegrimssentera i Bergen og Selje/Stad, under føresetnad av lokale finansieringsbidrag på minimum same beløp frå dei to kommunane i 2020.
5. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vil be fylkesadministrasjon om å kome attende til utvalet i løpet av første halvår 2020 med ein presentasjon og oppdatering av prosjektet Røldal pilgrimssenter sett i samanheng med lang tidsplan for pilgrimssatsing 2019-2037.